**Statens vegvesen**

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Åge Andersen - 55516202 | 2014/034746-004 | | 24.06.2014 |

## Fylkesveg 564 Fløksand - Oversending av data frå oppmålingsforretning - gardsnummer 5, bruksnummer 76

Vi viser til vedtak i Meland kommune den 10.04.2014 der kommunen godkjenner frådeling av ein parsell av steintaket 5/76 til veggrunnen 5/142.

Statens vegvesen har no halde oppmålingsforretning over arealet som skal frådelast. Protokollen med sine vedlegg ligg vedlagt. Sosifil og dokumentasjon på målingane vert sendt på e-post til per.atle.sale@meland.kommune.no.

Eigedomsseksjonen
Med helsing

Åge Andersen
senioringeniør

1 vedlegg

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Vedlegg 1

20140347466-2
335 - 1256

# Meland kommune

MOTTATT
23 APR 2014
Statens vegvesen
Region vest

Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1528 - 14/5507

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
10.04.2014

## Godkjenning- arealoverføring på Fløksand, GBNR 5/76, 142

**Administrativt vedtak. Saknr: 88/2014**

**Saksutgreiing:**

Statens vegvesen, Region Vest har i søknad, registrert 27.03.14, søkt om arealoverføring av ein parsell på om lag 540 m2 frå eigedommen gnr. 5 bnr. 76 - tidlegare steintak- til Fylkesvegen gnr. 5 bnr. 142. Parsellen er om lag 6 meter brei i ca 65 m lengde, med mindre spissar langs vegen i begge endar. Restarealet av bnr. 76 på om lag 1640 m2 skal tilbakeførast til hovudbruket gnr.5 bnr.3.

Hordaland Fylkeskommune er eigar/ aktuell eigar av begge involverte eigedommane og arealoverføringa vert utført for å sikra areal avsett til veg i framtida. Restarealet av det nedlagte steintaket – gnr. 5 bnr.76 skal etter arealoverføringa skøytast tilbake til avgjevarbruket- gnr.5 bnr.3.

Den omsøkte parsellen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område ( landbruk-, natur,- og friluftsområde.) Arealoverføringa medfører ingen endring i faktisk arealbruk og krev ingen dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område. Avgjevande eigedom gnr. 5 bnr. 76 er frådelt til vegføremål ved skylddeling i 1958 og krev difor ikkje løyve etter jordlova.

Ingen naboar er nabovarsla, men SVV har sendt kopi av søknaden om arealoverføring til nabo og kjøpar av restarealet, Arne Haugsvær, samt at dei har informert han på tlf.

Statens vegvesen vil sjølve utføra arbeidet med oppmålingsforretninga jmf avtale om å utføra oppmålingsforretningar mellom Meland kommune og SVV.

**Vurdering:**

Søknaden om arealoverføring er kurant og kan godkjennast som omsøkt. Arealoverføringa vert gjort for å sikra areal til vegareal før tilbakeføring av steinuttaket (gnr. 5 bnr. 76), som Statens vegvesen ikkje lenger nyttar, til hovudbruket. Gnr. 5 bnr. 76 bør slåast saman med bnr. 3 etter at det er skøytt over.

Statens vegvesen utfører sjølv oppmålingsforretninga og sender over ferdige målingar og dokumentasjon/ protokoll på oppmålingsforretninga og eigedomsmålingar til Meland kommune for matrikkelføring.

Fordeling av gebyr vert gjort i samsvar med avtale mellom SVV og Meland kommune og vedtatt gebyrregulativ for Meland kommune.

**Vedtak**

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av om lag 540 m2 frå gnr. 5 bnr.76 til gnr. 5 bnr. 142 i samsvar med søknad registrert inn 27.03.2014 og som vist på situasjonskart datert 25.03.2014.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova §28, jf vedlagte skjema.*

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn M. Gullbrå

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statens Vegvesen Region Vest | Askedalen 4 | 6863 | LEIKANGER |

Vedlegg 2

| | | |
|---|---|---|
| Statens vegvesen<br>Region vest | Arealoppgjør<br>Prosjektnr. | N |
| Kommune: meland<br>Vegnr.: Fylkesveg 564 | Dato for oppmålingsforretning: 6. mai 2014 | |
| Gnr/Bnr/Fnr: 5/76 | Landmåler: Åge Andersen | |
| Grenser for vegparsell: ———<br>Gamle grense (utgår): - - - -<br>Uendrede grenser: — — — | Målestokk 1:1000<br>0 10 20 30 40 m | |

Arealoppgjør

Utmark



# Partsliste

| Vedl. 3 | S. av |
|---|---|

| Partar | | | Varsling | | | | Under oppmålingsforretninga | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sendt | | Svar | | | | | |
| Namn / Adresse | Gnr./Bnr./ Fnr./Snr. | Partsstilling (rolle) 1) | Dato 2) | Måte | Mottaks-kvitt. | Ev. fullm. 3) | Oppmøte | Godkj. | Signatur ved avløysar/nestanansvarleg / Signatur - registrert eigar | ID 4) |
| Hordaland fylkeskommune<br>v/Statens vegvesen, Region vest | 5 76 | RR | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| Hordaland fylkeskommune<br>v/Statens vegvesen, Region vest | 5 142 | AE | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| Arne Haugsvær<br>Rosslandsvegen 1161, 5918 Frekhaug | 5 3 | NB | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| | | | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| | | | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| | | | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| | | | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| | | | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| | | | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| | | | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| | | | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |
| | | | | | | | ☐ ☐ | ☐ ☐ | | |

1) Heimelshavar: (HH) Nabo: (NB)
Reg. eigar: (RE) Gjenbuar: (GB)
Aktuell eigar: (AE) Rekvirent: (RR)
Rettsinnehavar (RH)

2) Ikkje varsla: (IV)

| Talet på sendingar | Sign. |
|---|---|
| | |

3) avløysar/nestanansvarleg: (SUF)
avløysar/nestanansvarlig med vedtaksfullmakt: (SMF)

4) Førarkort: (F)
Pass: (P)
Bankkort m/ bilde: (B)

Blankett 5883 Fastsatt av Statens Kartverk 5.2010 Nr. 705883en Sem & Stenersen Prokom AS, Oslo 5-2010

**Oppsummering og fråsegn frå landmålaren (framhald)**

| Stad | Dato | Underskrift |
|---|---|---|
| Bergen | 6. mai 2014 | Åge Andersen |

**Vedlegg** (Saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)

| | Vedlegg nr. (frå – til) |
|---|---|
| [X] Partsliste | 3 |
| [ ] Fullmakter | |
| [ ] Avtalar | |
| [ ] Heimelsdok. (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, partsbrev, tinglyst skøyte) | |
| [ ] Arealrekneskap | |
| [ ] Krav/løyve til seksjonering/reseksjonering | |
| | |
| [ ] Partspåstandar | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| [ ] Forlik/valdgift | |
| | |
| | |
| | |



# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr.

Oppdragnr.

**Matrikkeletat**

| Kommune | Postnr. | Poststad |
|---|---|---|
| Meland | | |
| Adresse: Postboks 79 | 5906 | Frekhaug |

**Matrikkeleining**

| Adresse | Knr. | Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksj.nr |
|---|---|---|---|---|---|
| Fylkesveg 564 Fløksand | 1256 | 5 | 142 | | |

| Registrert eigar | Registrert festar |
|---|---|
| Hordaland fylkeskommune v/Statens vegvesen, Region vest | |

**Om oppmålingsforretninga**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Forretninga avvikla** | Dato: 6. mai 2014 | Kl.: 10:00 | Stad: Vegkontoret |
| **Tiltakstype** (pbl § 20-1 pkt. m) | [ ] Grunneigedom  [ ] Anleggseigedom | [ ] Festegrunn> 10 år | [X] Arealoverføring |
| **Tiltakstype** (Matr.lova § 6) | [ ] Grensejustering  [ ] Registrering av ureg.jordsameige | [ ] Nymerking/klarlegging av eksisterande grense  [ ] Uteareal til eigarseksjon | [ ] Matrikulering av eksisterande umatr. grunn  [ ] Saker etter SAK 10 § 4-3 |
| **Saks-bahandling** | Løyvedato: 10.04.2014 | Dato for fullstendig rekvisisjon: | Pårekna dato for fullført matrikulering: 15 juni 2014 |
| **Rekvirent** | Hordaland fylkeskommune v/Statens vegvesen, Region vest | | Rekv.dato: |

**Habilitet**

Namn på landmålaren
Åge Andersen

[X] Landmålaren orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseie inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvendingar til gjennomføringa av forretninga? [X] Nei [ ] Ja (jf. vedlegg)

**Varsling og oppmøte**

Som vedlegg til varslet om oppmålingsforretning ligg ei partsliste som viser dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart alle oppmoda om å stadfeste frammøtet sitt ved underskrift på lista og framvising av legitimasjon (jf. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saka gjeld det gamle steintaket for fylkesvegen på Fløksand. Dette skal tilbakeførast til hovudbruket etter at ei stripe på 543 m2 langs fylkesvegen er frådelt til denne. Protokollen gjeld arealoverføring av dette arealet, frå 5/76 til 5/142, fylkesveg 564.

**Saksdokument – bakgrunn for forretninga**

| | Vedlegg nr. | |
|---|---|---|
| Søknad og løyve etter pbl | 1 | [ ] Ikkje relevant |
| Rekvisisjon av oppmålingsforretning (m/dok.) | | [ ] Ikkje relevant |
| Varsel om oppmålingsforretning | Munnleg | |
| Situasjonskart og situasjonsplan | 2 | |
| Konsesjonsdokument | | [X] Ikkj relevant |
| Servituttar | | [X] Ikkje relevant |
| Uttale/løyve frå andre etatar | | [X] Ikkje relevant |
| Avtalar | | [X] Ikkje relevant |
| Andre vedlegg | | |

**Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtalar, valdgift, partspåstandar mv.**

| Punkt/merke nr. | Type merke | Gjenfunne, tapt, nedsett nytt | Punkt godkj. av partane | Partspåstandar (vedl.nr.) | Forlik/valdgift (vedl.nr.) |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |



**Oppsummering og fråsegn frå landmålaren**

Landmålaren vurderer og gir ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • gjennomgang av grunnboksblad • måle- og utrekningsarbeid • fakturering • matrikulering • etablering / sletting av rettar • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Oppmålingsforretninga gjeld arealoverføring mellom to eigedomar, 5/76 og 5/142, som begge er fylkesveggrunn med Hordaland fylkeskommune som eigar. Einaste naboeigedom er 5/3 med Arne Haugsvær som eigar.

Ny grenselinje mellom fylkesvegen og steintaket startar i nytt umerka i punkt P i eksisterande grenselinje D-E mellom steintaket og bnr 3. Linja går deretter sørover langs vegen gjennom umerka punkt O og N til punkt M, merka med godkjent merke i fjell. Deretter går linja til eksisterande punkt A, merka med pel, i grensa mellom steintaket og bnr 3. Her sluttar den nye grenselinja mellom 5/76 og 5/142.

Linja følgjer deretter grensa mot bnr 3 til eksisterande umerka punkt F.

Partane tar ikkje standpunkt til eksisterande grense mellom fylkesvegen og bnr 3.

| Bergen | 06.05.14 | [signature] |
|---|---|---|
| Stad | dato | for Statens vegvesen |

Statens vegvesen
Region vest

| Fløksand | 08.05.14 | Arne Gunleiv Haugsvær |
|---|---|---|
| Stad | dato | Arne Haugsvær |